



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 07.09.2017  
Vår ref: 15/00999-7  
Deres ref:

## **Høyring av søknad om driftskonsesjon for Vie sandtak i Førde kommune. Tiltakshavar: Magne Hafstad AS**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00  
**E-POST** mail@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har fått inn søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43, datert 13. oktober 2016.

Med dette sender vi søknaden om driftskonsesjon på høyring i samsvar med forvaltingslova § 17. Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høyringa.

### **Høyringsfrist: 5. oktober 2017.**

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på [dirmin.no](http://dirmin.no) under «Saker til høring». Denne søknaden gjeld driftskonsesjon etter minerallova. Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving.

Arealbruk er regulert gjennom plan- og bygningslova der kommunen er forvaltingsmyndighet. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan), legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.

### **Samandrag av søknaden**

Vie sandtak er lokalisiert på del av gnr/bnr. 43/1 og 43/43 i Førde kommune. Området som det vert søke om driftskonsesjon på har eit areal på om lag 61 dekar framgår av høyringsvedlegget på s. 4. Tiltakshavar oppgjer at det skal tas ut totalt 207 000 m<sup>3</sup> masse. Forventa årleg uttak er 20 000 m<sup>3</sup> masse. Tiltakshavar opplyser at sandtaket er ein lausmasseførekommst. Det vert i søknaden opplyst at råstoffet skal nyttas til sand av ulike typar, men også nok singel og grus.

Omsøkt området er i kommuneplanens arealdel avsett til råstoffutvinning. Det føreligg vidare ein reguleringsplan for Sandtak på Vie, datert 16. juni 1993. Omsøkt konsesjonsområde er større enn det opphavlege området regulert i planen datert 16. juni 1993. Magne Hafstad AS har i den samanheng fremma eit privat forslag til detaljreguleringsplan for Sandtak Vie. Saka ligg inne til politisk handsaming hos Førde kommune. DMF har ved fastsettelsen av omsøkt konsesjonsområde teke utgangspunkt



i forslag til ny reguleringsplan og område avsett til råstoffutvinning i kommuneplanens arealdel.

### Forventingar til høyringsfråsegnene

DMF ber om at offentlege etatar ut frå eige ansvarsområde vurderer om noko tilseier at driftskonsesjon ikkje bør tildelast, eventuelt om det skal stillast vilkår om avbøtande tiltak.

Private partar kan komme med innspel til relevante forhold i den aktuelle saka. Dersom noko ikkje er tilstrekkeleg belyst i søknaden, ber vi om opplysningar om dette.

Vi ber **kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen** opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfald, kulturminne og forureining. Dersom kommunen eller fylkesmannen har informasjon om slik påverknad, vil vi gjerne ha ei utgreiing om eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår.

DMF ber spesielt **Førde kommune** uttale seg om forhold knytt til ny detaljreguleringsplan for Vie Sandtak.

Heile eller delar av høyringsuttalane kan bli refererte i vedtaket som seier om konsesjon blir gitt eller ikkje. Søkjaren får høve til å kommentere høyringsuttalar før vi gjer vedtak.

### Kva vurderer DMF i samband med søknaden?

Formålet med minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvalting og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 m<sup>3</sup> og alle uttak av naturstein er konsesjonspliktige.

DMF vurderer søknadene etter skjønn før vi eventuelt tildeler driftskonsesjon. I vurderinga legg vi vekt på om søkeren er «skikka» til å utvinne førekomensten. Det vil seie om prosjektet synest økonomisk gjennomførleg, om søkeren har god nok kompetanse, og om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift av førekomensten.

#### Vi vurderer òg

- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling
- korleis tiltaket påverkar naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

DMF stiller normalt vilkår ved tildeling av driftskonsesjon i medhald av minerallova § 43. Vilkåra omfattar mellom anna krav til driftsplan og økonomisk trygd for sikring og opprydding etter avslutta drift.



## Høyringsfråsegnene skal sendast til

E-post: [mail@dirmin.no](mailto:mail@dirmin.no)

eller

## Ordinær post:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim.

Med helsing

Rita Øyen  
overingeniør

Marit Mia Bjørnstad  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
**Sakshandsamar:** Marit Mia Bjørnstad

## Mottakrar:

Førde kommune	Postboks 338	6802 FØRDE
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsav. 2	6863 LEIKANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863 LEIKANGER
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
Olav Brede	Vie	6812 FØRDE
Asbjørn Vie	Vie	6812 FØRDE
Birgit Astrid Vie	Vie	6812 FØRDE
Hallgeir Magne Vie	Vie	6812 FØRDE
Arne Ottawa Hæisæther	BRULANDSVEGEN 139	6813 FØRDE
Terje Olav Bruland	BRULANDSVEGEN 131	6813 FØRDE
Geir Ståle Vie	Vie	6812 FØRDE
Arild Hornnes	Vie	6812 FØRDE

Kopi til: [M. H. S. J. A.S.](#) [H. S. J. A.S.](#) [T.S.](#) [cccc-5dppr5](#)